



PROTOKOLL

Gruppeårsmøte i Hareid IL Trim torsdag 7. mars 2024 kl. 19 i møteromet på Hareid klubbhus

Tilstades: Bernhard Harkjerr, Gunn Bente Drevland, Andreas Moldskred, Odd Elvanes, Hildegunn Thomassen, Leiv Arne Grimstad og Jan Morten Nilsen.

Bernhard Harkjerr vart vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Andreas Moldskred og møteleiaren vart valde til å skrive under møteprotokollen (gruppeårsmøte-referatet).

Årsmeldinga vart lest opp av sekretæren utan andre merknader enn at gruppeårsmøtet i 2023 vart halde 16. februar og ikkje 10. februar, som det stod i årsmeldinga. Det har vore eit litt skrint år arrangementsmessig. Det einaste har vore fjelltrimmen (den 34. i rekka) og deltaking i Hareid sokn si friluftsgudsteneste i Alskleiva siste søndag i august.

Ettersom trimgruppa ikkje har eigen kasserar var det Bernhard Harkjerr som presenterte rekneskap og budsjett. Som tidlegare vart det kommentert at gruppestyret har lite oversikt, men vi reknar med at revisorselskapet BDO har kontrollen. Vi har ingen grunn til å tru at tala ikkje stemmer.

VAL AV NYTT STYRE OG VALNEMND:

Ein visste før gruppeårsmøtet at det kom til å bli vanskeleg å få ny leiar etter at Bernhard Harkjerr gir seg etter 12 år som leiar.

Valnemnda v/ Leiv Arne Grimstad og Hildegunn Thomassen fekk tilslutning til følgjande styre:

Gunn Bente Drevland, nestleiar – nye to år

Leiv Arne Grimstad, sekretær - ikkje på val

Andreas Moldskred, styremedlem – nye to år

Hildegunn Thomassen, styremedlem – ikkje på val.

Jan Morten Nilsen (NY), styremedlem – vald for to år.

Varafolk:

Irene Fjelle – nye to år

Odd Elvanes – ikkje på val

Valnemnd:

Etter framlegg frå Bernhard Harkjerr vart styret valnemnd.


Ettersom det ikkje lykkast å få nokon til å ta på seg leiarvervet, må gruppa halde eit ekstra konstituerande møte før årsmøtet i hovudlaget (20. mars). Sekretær Leiv Arne Grimstad fekk nøklane til møteromet og oppgåva med å kalle inn til dette møtet. Møtet

sitt formål er altså konstituering av det nye styret, inkludert å få på plass ein leiar. Ein legg ut ei utfordring på trimgruppa si facebook-side om at aktuelle kandidatar må melde seg – slik at aktiviteten kan halde fram som før.

TAKK TIL BERNHARD HARKJERR!

Til slutt under gruppeårsmøtet vart leiar Bernhard Harkjerr takka av etter 12 år som gruppeleiar. Nestleiar Gunn Bente Drevland overrekte ein blomsteroppsats og takka for ein strålande innsats og god leiing av gruppa. Bernhard kvitterte med å seie at det hadde vore ein triveleg gjeng å samarbeide med og medarbeidarane hadde teke på seg dei ulike oppgåvene med eit smil.

Ref LAG



Andreas Moldskred



Bernhard Harkjerr